

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
041/21	Formannskapet	PS	02.06.2021
056/21	Heradsstyret	PS	17.06.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Olaf Michal Hella	21/1479

## Barnehageplan 2021 -2030

### Vedlegg:

Barnehagebruksplan 2021-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehageplan 2021 -2030 vert lagt ut til offentleg høyring i perioden 20.6.21 til 31.8.21.

### Formannskapet - 041/21

#### FS - behandling:

Ordføraren gjorde slike framlegg om endringar: "Endre første ledd i setning Side 19, siste avsnitt til: Ny tomt til barnehage. I områdeplanen for Lonevåg er det foreslått å setje av tomt til ny barnehage for å kunne auke kapasiteten.

Endre første kolonne i siste rad Side 25 til: Tomt i Lonevåg sett av i områdeplan."

2. Kulepunkt midt på s24: "Rådmannen tilrår at tomte som er *regulert* til barnehage i Lonevåg ikkje vert nytta til barnehageføremål i planperioden.

Vert endra til: "Rådmannen tilrår at tomte *sett av* i områdeplan til barnehage i Lonevåg ikkje vert nytta til barnehageføremål i planperioden."

3. "Flytte bilde s.18 av alle barnehagane til øvst på s.4 før kapittelet: "2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR FOR BARNEHAGESEKTOREN"

#### AVRØYSTING - endringsframlegg

Framlegg nr. 3 - samrøystes tilrådd  
Framlegg nr. 2 - samrøystes tilrådd  
Framlegg nr. 1 - samrøystes tilrådd  
rådmannen sitt framlegg - samrøystes tilrådd (2SP,2AP,1SV,1KRF,1FRP)

#### FS - vedtak:

Barnehageplan 2021 -2030 vert lagt ut til offentleg høyring i perioden 20.6.21 til 31.8.21 med følgjande endringar:

1. Endre første ledd i setning Side 19, siste avsnitt til:

Ny tomt til barnehage. I områdeplanen for Lonevåg er det foreslått å setje av tomt til ny barnehage

for å kunne auke kapasiteten.

Endre første kolonne i siste rad Side 25 til: Tomt i Lonevåg sett av i områdeplan.

2. Kulepunkt midt på s24: "Rådmannen tilrår at tomte som er *regulert* til barnehage i Lonevåg ikkje vert nytta til barnehageføremål i planperioden.

Vert endra til: "Rådmannen tilrår at tomte *sett av* i områdeplan til barnehage i Lonevåg ikkje vert nytta til barnehageføremål i planperioden."

3. "Flytte bilde s.18 av alle barnehagane til øvst på s.4 før kapittelet: "2. NASJONALE OG LOKALE FØRINGAR FOR BARNEHAGESEKTOREN."

## Heradsstyret - 056/21

### **HS - behandling:**

Aksel Mjøs, H, gjorde slikt framlegg saman med KRF: "Avviklinga av Mjøsdaalen barnehage vert utsett med eitt år til sommaren 2023. Grunngevinga er at dei fleste foreldra til born i barnehagen arbeider enten i bygda eller mot Lonevåg/Bergen. Alternativ barnehageplass i Fotlandsvåg vert difor svært lite tenleg, då ein får samla auka reisetid med minst 40 minutt dagleg. I 2023 er utvidinga av Hauge barnehage etter planen klar, som er mykje betre med tanke på logistikk for foreldra i Mjøsdaalen.»

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Barnehage. Alternativ forslag til satsinga på Valestrand og Hauge barnehagar, på side 23 i Barnehagebruksplanen. I Barnehageplanen legg ein opp til å leggja ned den kommunale barnehagen på Valestrand, og kompensera med utviding av den private barnehagen og Hauge barnehage.

Når ein ser på prognosane for barnetalsutviklinga i kommunen er det to vesentlege faktorar som tilsei eit ekstra fokus på tilbodet i Valestrand.

Kommunedelsenteret Valestrand er det området som har størst barnetalet under skulealder i Osterøy. Vidare syner prognosane elles i kommunen ein nedgang i barnetalet i åra framover, medan det i valestrandsområdet ligg an til at barnetalet heldt seg stabilt.

Samstundes er det regulert, og planlagt for store utbyggingar av bustadar i området. Valestrand har vist seg å vera eit område som er attraktivt for folk utanfor kommunen å busetja seg. For å tiltrekka seg unge familiar er det viktig å ha eit godt barnehagetilbod.

Mange av dei som i dag bur i området, og mange av dei som vil etablere seg der har arbeidsplassen sin på fastlandet.

For desse er det avgjerande at det er enkelt å få levert ungene i ein barnehage nært reiseruta – ferja på Valestrand. Om det ikkje er eit godt nok tilbod her, vil ein risikere ein auka bruk av barnehagetenester i Bergen kommune. Dette medfører vesentlege kostnader for kommunen.

Kommunen har elles vore klar på at ein sjølv ynskjer å ta hand om etableringa av nye barnehageplassar. No snur ein i dette prinsippet og opnar for auke i det private tilbodet i dette området. Arbeiderpartiet meiner kommunen skal halda fram prinsippet om at ein ikkje skal auka den private delen barnehageplassar, men sjølv dekkja det behovet som er.

Difor fremjar Osterøy Arbeiderparti framlegg om at dagens kommunale barnehage på Valestrand vert dreven vidare for å kunna ta av for dagens behov."

Trude Tomren, MDG, gjorde slikt framlegg: "Høyringsfristen vert sett til 01. oktober."

### **AVRØYSTING**

Trude Tomren, MDG sitt framlegg

-fall med 13 røyster (5SP,4H,2SV,1KRF  
(B.Aarland),1V)

mot 13 røyster (7FRP,4AP,1MDG,1uavh.  
(T.Tomren),

då ordføreren si røysting er avgjerande ved likt røystetal, jfr. komm.lova § 11-9, 2.ledd.

Aksel Mjøs, H, sitt framlegg - vedteke med 14 røyster (7FRP,  
2H (A.Mjøs,B.Borge),1KRF (B.Aarland)1 uavh.  
(T.Tomren), 1V,1MDG,1SV(S.Thunestvedt)

mot 12 røyster (5SP,4AP,2H(H.Gislason,  
O.Mjøs),1SV(R. Jenssen)

Rita Tveiten, AP sitt framlegg - fall med 18 røyster (6FRP,4H,1V, 3SP(L.Fjeldstad, T.Njåstad),  
F.flesland),1KRF(B.Aarland,1uavh.(T.Tomren),2SV)  
mot 8 røyster (4AP,2SP(J.Haugland,H.Valestrand),  
1FRP (S.Tyssebotn,)),1MDG

Innstilling med endring som foreslått av

Aksel Mjøs - samrøystes vedteken

### HS - vedtak:

"Barnehageplan 2021 -2030 vert lagt ut til offentleg høyring i perioden 20.6.21 til 31.8.21 med  
følgjande endringar:

1. Endre første ledd i setning Side 19, siste avsnitt til:

**Ny tomt til barnehage. I områdeplanen for Lonevåg er det foreslått å setje av tomt til ny barnehage  
for å kunne auke kapasiteten.**

Endre første kolonne i siste rad Side 25 til: **Tomt i Lonevåg sett av i områdeplan.**

2. Kulepunkt midt på s24: "Rådmannen tilrår at tomta som er *regulert* til barnehage i Lonevåg ikkje  
vert nytta til barnehageføremål i planperioden.

Vert endra til: "Rådmannen tilrår at tomta *sett av* i områdeplan til barnehage i Lonevåg ikkje vert  
nytta til

barnehageføremål i planperioden."

3. "Flytte bilde s.18 av alle barnehagane til øvst på s.4 før kapittelet: "2. NASJONALE OG LOKALE  
FØRINGAR FOR BARNEHAGESEKTOREN.

4. Avviklinga av Mjøsdalen barnehage vert utsett med eitt år til sommaren 2023. Grunngevinga er  
at dei fleste foreldra til born i barnehagen arbeider enten i bygda eller mot Lonevåg/Bergen.

Alternativ barnehageplass i Fotlandsvåg vert difor svært lite tenleg, då ein får samla auka reisetid  
med minst 40 minutt dagleg. I 2023 er utvidinga av Hauge barnehage etter planen klar, som er  
mykje betre med tanke på logistikk for foreldra i Mjøsdalen.»

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I åra 2000 - 2018 var det tilflytting av barnefamiliar på Osterøy og fødselstala var høge. I fleire år var  
det behov for om lag 20 nye barnehageplassar og dei barnehagane som kunne utvide kapasiteten  
gjorde det. Hauge barnehage vart ferdig i 2012 og er den nyaste barnehagen i Osterøy  
kommune. Etter 2018 har folketalsutviklinga flata ut. Det vart planlagt ei utbygging av Hauge  
barnehage for å møte ytterlegare behov for barnehageplassar. Totalt har vi 8 barnehagar i Osterøy  
kommune i dag, der 2 er privateigde og 6 er kommunale.

## **Vurdering**

Høyringsutkastet som er utarbeidd er svar på eit vedtak i Heradsstyret 9. desember 2020. Osterøy kommune hadde prosjektert utbygging av Hauge barnehage med to avdelingar. 5 millionar var sett av på investeringsbudsjettet for 2021 og 8 millionar for 2022, og byggjearbeidet var planlagt å ta til våren 2021. Utbyggingsplanane vart endra då Heradsstyret gjorde vedtak 9. desember 2020 knytt til midlane i investeringsbudsjettet post 1252:

*Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage»  
Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av  
framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.*

Planutkastet er laga for å svare ut Heradstyrevedtaket.